



Riksantikvaren - samfunnsavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1166 - 14/10015

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

16.09.2014

Høyringsuttale - Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland

Formannskapet i Radøy kommune har i møte 4. september sak 050/14 gjeve følgjande uttale til kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland:

«Radøy kommune er positiv til og samd i vurderingane av at område 1. Indre Farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar er med i utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Eit slikt register vil kunna føra til ei meir medviten haldning til bruk og vern av området, og slik sikra kvalitetane i området også i framtida.

Radøy kommune vil understreka at registeret ikkje må vera til hinder for viderutvikling av området til næring og bustad, og vil særleg peika på at området frå kommunegrensa mot Lindås i sør til og med Olsvollstranda lenger nord er eit svært viktig for kommunen i så måte. Radøy kommune ber også om at ein vurderer avgrensinga av området i Radøy kommune og om grensene betre kan tilpassast terrenget.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Riksantikvaren - samfunnsavdelinga